

**Møtebok
frå
utdanningsutvalet**

Møtestad: AR T-401
Tid: 17.10.2018 kl. 9:00 – 10.15

Fylgjande faste medlemmer møtte:

Magne Bartlett
Lene Katrine Hoff
Dag Husebø
Ketil Knutsen
Bjørg Frøysland Oftedal
André Pedersen
Brita Strand Rangnes
Jon Tømmerås Selvik
Magne Olav Sydnes
Leslie Leith Symington
Julie Wangen

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Cathrine Johanne Sønvinsen
Lars Atle Kjøde
Turid Borgen

Fylgjande varamedlemer møtte:

Joachim Børliie
Bjarte Ravndal

Frå administrasjonen møtte:

Veslemøy Hagen, Kristofer Henrichsen, Eilef J. Gard

Møtet vart leia av Dag Husebø

Saksnr.	Innhold	U.off.	Arkivnr.
UU <u>34/18</u>	Godkjenning av innkalling		
UU <u>35/18</u>	Møtebok frå utdanningsutvalet 19. september 2018	15/01302-66	
UU <u>36/18</u>	Strategisk tema: Semesterstart 2018		
UU <u>37/18</u>	Akkreditering av studium	18/03817-4	
UU <u>38/18</u>	Gjennomgang av studiene 2018 - andre rapportering fra fakultetene	17/03038-9	
UU <u>39/18</u>	Eventuelt		
UU <u>40/18</u>	Andre orienteringssaker	15/02099-16	

Stavanger, 17.10.2018

UU 34/18 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkallinga er godkjent.

UU 35/18 Møtebok frå utdanningsutvalet 19. september 2018

Vedtak:

Møteboka er godkjent.

UU 36/18 Strategisk tema: Semesterstart 2018

Elias Conde Pais frå eining for studentservice var invitert for å presentera resultat frå ei undersøkjing av studentane si oppleving av studiestart 2018. Dette er fyrste gongen det vert gjort ei slik undersøkjing av studiestart ved UiS, som omfattar alle nye studentar. Tidlegare har denne berre omfatta utanlandske studentar.

Utdanningsutvalet ga ros til dei som har gjort undersøkjinga og meinte den gir viktig informasjon som bør takast omsyn til når oppstartsveka og fadderfestivalen for neste år skal planleggjast. Undersøkjinga syner at internasjonale og norske studentar treng same oppfylgjing og informasjon.

Ein av dei vitskaplege representantane hadde erfaringar med at TimeEdit og Canvas ikkje snakkar saman. Han føreslo at ei løysing kan vera at emneansvarleg lagar undervisingsplan med tid og stad og innhald og legg denne i Canvas. Då må emneansvarleg må ha god kommunikasjon med TimeEdit. Slik det er nå, lever Canvas og TimeEdit sine eigne liv.

Ein av studentrepresentantane sa at dei ikkje fekk tilstrekkeleg informasjon om fadderordninga. Studentane må få all relevant informasjon. Den fyrste veka er kanskje den viktigaste.

Studentrepresentantane fekk spørsmål om det var nokre funn som overraska dei.

Nestleiar for utdanning i StOr svara at det einaste var kommentarane om alkoholbruk i fadderfestivalen, men at undersøkjinga elles samsvarar med SHOT-undersøkjinga.

Ein av dei andre studentrepresentantane la til at der var lite aktivitet i fadderområdet på dagtid. Dei som stod på stand hadde svært få besökjande. Han trudde dette hadde noko med strukturen i fadderveka å gjera.

Utdanningsdirektøren kommenterte at SHOT-undersøkjinga er frå 2016, og at vår undersøkjing syner at tilhøva ved studiestart ikkje har endra seg dei siste to åra.

Utvalseiar la til at det er ynskje om fleire alkoholfrie arrangement. Han oppfordra elles dei som har gjort undersøkjinga til å dela resultata rundt om i institusjonen.

Utvalseiar la også til at læringsmiljøutvalet diskuterte dessse problemstillingane i møte dagen før, i gjennomgangen av SHOT-undersøkjinga. Han meinte at det må lagast eit system for arbeidet med slike undersøkjingar og oppfylgjinga av dei, og utfordra utdanningsavdelinga til å fylgja opp.

Utdanningsdirektøren viste til pilotprosjektet på Institutt for medie- og samfunnsvitskap i fjor. Erfaringane derfrå er at få og enkle tiltak kan gje gode resultat.

Den eksterne representanten minna om at det er viktig å ikkje gløyma alle som er nøgde. Problemet med stort alkoholbruk er ei utfordring som alle institusjonane er godt kjende med.

Vedtak:

Utdanningsutvalet takkar for orienteringa.

UU 37/18 Akkreditering av studium

Utdanningsdirektøren innleia i saka. To sentrale ting mangla då denne søknaden først kom inn, og som var grunnen til at den ikkje vart lagt fram i forrige utvalsmøte. Dette gjaldt praksisavtalar og internasjonale avtalar. I tillegg var det nødvendig å gå gjennom læringsutbyteformuleringane.

Utdanningsdirektøren rosa fakultetet for godt arbeid. Praksisavtalar er på plass. Erfaringa er at utdanningsdirektøren har vore litt for streng når det gjeld internasjonaliseringssavtalar. I dette tilfellet såg ein at avtalen med universitetet i Surrey ikkje eigentleg var i samsvar med våre eigne krav. Utdanningsdirektøren har likevel vurdert dette til å vera tilstrekkeleg, på vilkår av at bindane utvekslingsavtale kjem på plass i løpet av våren 2019.

Ho la til at det er fyrste gong ho som utanningsdirektør legg fram ei sak om akkreditering av eit bachelorprogram. Stortingspolitikarar er bedne om økonomisk støtte til å oppretta studiet, i form av nye studieplasser på statsbudsjettet. Dersom det ikkje lukkast vil ein finna plassar innføre den rama universitetet har.

Finansieringsklasse for dette studiet er D, som er den lågaste klassen.

Studieadministrativ representant kommenterte at det var kjekt å lesa dei grundige fagfellevurderingane.

Utvalsleiaren tykte det er godt at me får eit nytt helsefagleg tilbod.

Prodekan for utdanning ved Det helsevitenskaplege fakultetet la til at fagfellevurderingane er svært nyttige. Vidare meinte ho at det var godt sjå at det kanskje er intensjonsavtalar me må gå for når det gjeld studentutveksling.

Ekstern representant hadde merka seg ein svært god balanse mellom teori og praksis i programmet.

Vedtak:

Utdanningsutvalget akkrediterer bachelorstudiet i paramedisin. Utvalget tilrår styret å etablere studiet fra studieåret 2019/2020 gitt vilkåret om at signert internasjonal utvekslingsavtale legges frem for utdanningsutvalget våren 2019. Studiet fører frem til graden og tittelen Bachelor i paramedisin. Engelsk navn på studiet er *Bachelor in paramedic*.

UU 38/18 Gjennomgang av studiene 2018 - andre rapportering fra fakultetene

Utdanningsdirektøren innleia. Ho er svært imponert over det store arbeidet fakulteta har gjort. Utdanningsutvalet skal sjå til at prosedyrene er fylgde. Det er dekanen som står ansvarleg for det faglege innhaldet. Ho la til at det er lett å finna informasjon om dei enkelte programma.

Utvalsleiari hadde merka seg at dekanane som står ansvarlege for gjennomgangen ser nytten av den. Rapportane syner at me er på rett veg og på rett nivå. Han såg at fakulteta og institusjonen er i rute når det gjeld gjennomføringa av dette prosjektet. Han viste til framtidig tilsyn frå Nokut og meinte at dokumentasjonen frå gjennomgangen vil syna tilsynet at universitetet har god hand om kvalitetsarbeidet i studia.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora støtta det som vart sagt om at det har vore ein nyttig gjennomgang. Den har gitt eit godt høve til å bruka dei nye programleiarane og studieprogramutvalet i denne prosessen. Ho la til at dei ikkje er urolege for den utdanningsfaglege kompetansen, men fakultetet må lyfta den digitale kompetansen. Ho ser at ein treng tydelegare fokus på programnivået. Gjennomgangen har sett i gong gode prosessar.

Vedtak:

På grunnlag av behandlingen i fakultetene og tilråding fra dekanen bekrefter utdanningsutvalget akkrediteringen for følgende studieprogrammer:

- bachelor i idrett/kroppsøving (IGIS)
- femårig master grunnskolelærerutdanning 1. til 7. trinn (IGIS)
- femårig master grunnskolelærerutdanning 5. til 10. trinn (IGIS)
- bachelor i historie (IKS)
- bachelor i engelsk (IKS)
- bachelor i nordisk (IKS)
- master i lesevitenskap og nordisk (IKS)
- master i historiedidaktikk (IKS)
- Master in Literacy Studies (IKS)
- lektorprogram i humanistiske fag (IKS)
- lektorprogram i realfag (IKS)
- master i barnehagevitenskap (IBU)
- master i sosialt arbeid og sosialpedagogikk (ISF)
- Nordic Master in Social Work and Welfare (ISF)
- Erasmus Mundus Master in Social Work with Families and Children (ISF)
- bachelor i sosiologi (IMS)
- bachelor i statsvitenskap (IMS)
- bachelor i fjernsyns- og multimedieproduksjon (IMS)
- bachelor i dokumentarproduksjon (IMS)
- bachelor i hotelledelse (NHS)
- bachelor i hotelledelse y-veien (NHS)
- bachelor i reiselivsledelse (NHS)

Utdanningsutvalget forutsetter at læringsutbyttebeskrivelser på programnivå som ikke er i samsvar med NKR rettes opp i løpet av 2018.

Fakultetet for utdanningsvitenskap og humaniora må sørge for å få plass ordninger for internasjonal studentutveksling i masterstudiet i barnehagevitenskap i løpet av seks måneder.

I de tilfellene det er rapportert om avvik, må fakultetene følge opp sine fastsatte tiltak slik at avvik bringes i orden innen rimelig tid.

Utdanningsutvalget viser for øvrig til sitt vedtak i sak UU 28/18.

UU 39/18 Andre orienteringssaker

Utdanningsdirektøren orienterte om saka. Planen for tilsyn er revidert på grunn av at Nokut skal føra tilsyn med dei nye grunnskulelærarutdanningane i nær framtid.

Dekan ved Handelshøgskolen UiS sa at fakultetet ynskjer ein full revisjon av master i regnskap og revisjon, i staden for Executive MBA, som er sett opp i planen. Dette synte seg nødvendig under gjennomgangen av studieprogramma.

Vedtak:

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

UU 40/18 Eventuelt

Der var ingen saker til eventuelt.